

# MØTEBOK KONTROLLUTVALET I VIK

## Kontrollutvalet i Vik kommune

### Møtebok

**Møtedato:** 12.05.2022

**Møtetid:** Kl. 14.30-16.45

**Møtestad:** Kyrkjestova

**Saksnr.:** 05/22 - 08/22

| <b>Følgjande medlem møtte</b> | <b>Parti</b> |
|-------------------------------|--------------|
| Ronny Holen                   | SP           |
| Marta Finden Halset           | AP           |
| Bjarne Larsen                 | AP           |
| Ragnvald Grov Sjørdal         | H            |

| <b>Forfall meldt frå følgjande medl.</b> | <b>Parti</b> | <b>Følgjande varamedlem møtte</b> | <b>Parti</b> |
|--|--------------|-----------------------------------|--------------|
| Björg Hønsi Aafedt                       | SP           | Vara hadde ikkje høve til å møte  |              |

| <b>Andre møtedeltakarar</b> | <b>Rolle</b> |  |
|-----------------------------|--------------|--|
| Øistein Edmund Sjøvik       | Rådmann      |  |
| Birte Tuxen Bø              | Økonomisjef  |  |

| <b>Ugilde</b> | <b>Sak</b> | <b>Følgjande varamedlem møtte</b> |
|---------------|------------|-----------------------------------|
|               |            |                                   |

|                                   |   |
|-----------------------------------|---|
| <b>Møteleiar:</b>                 | Ronny Holen   |
| <b>Frå sekretariatet møtte:</b>   | Kristine Lie, PwC   |
| <b>Frå revisjonen møtte:</b>      | Haldor Sunde (revisor, sak 7), Trine Havn<br>(forvaltningsrevisor, sak 8) |
| <b>Dokument utlevert i møtet:</b> |   |
| <b>Synfaring:</b>                 |   |
| <b>Merknader:</b>                 |   |

Underskrifter:

\_\_\_\_\_

\_\_\_\_\_

# MØTEBOK KONTROLLUTVALET I VIK

## SAKLISTE

|        |   |
|--------|---|
| 5/2022 | Godkjenning av møtebok  |
| 6/2022 | Drøftingssaker, skriv og meldingar  |
| 7/2022 | Årsrekneskap og årsmelding for Vik kommune 2021                                   |
| 8/2022 | Prosjektplan forvaltningsrevisjon anbuds- og innkjøpsrutiner innan teknisk sektor |

### Sak 5/2022 Godkjenning av møtebok

---

| Sakshandsamar | Møtedato   | Saknr  |
|---------------|------------|--------|
| Kristine Lie  | 12.05.2022 | 5/2022 |

---

### KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:

Møteboka frå møtet 16.02.2022 vert godkjent.

---

### 12.05.2022 KONTROLLUTVALET

#### Sak 05/2022 Vedtak

Møteboka frå møtet 16.02.2022 vert godkjent.

Samrøystes.

---

## MØTEBOK KONTROLLUTVALET I VIK

### Sak 6/2022 Drøftingssaker, skriv og meldingar

|                                      |                               |                        |
|--------------------------------------|-------------------------------|------------------------|
| <b>Sakshandsamar</b><br>Kristine Lie | <b>Møtedato</b><br>12.05.2022 | <b>Saknr</b><br>6/2022 |
|--------------------------------------|-------------------------------|------------------------|

#### KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:

Orienteringar, skriv og meldingar vert tekne til vitande.

#### VEDLEGG

| Vedlegg nr. | Dok. Dato  | Avsendar               | Tittel   |
|-------------|------------|------------------------|--|
| 1           | 24.03.2022 | Kommunestyret          | Sak 029/22 Vedtak<br>Ettersendt sak frå kontrollutvalet på auka ramme til forvaltningsrevisjon grunna bestilling frå kommunestyret |
| 2           | 21.01.22   | Vestland Revisjon KO   | Vurdering av uavhengigheit Vik kommune 2022  |
| 3           | 27.04.22   | Vestland fylkeskommune | Kontrollutvalsdagen 2022 - invitasjon og program   |

#### 12.05.2022 KONTROLLUTVALET

##### Orienteringar

Rådmannen orienterte om prosessen og bakgrunn kring anbodskonkurransen på legemiddel levert til kommunale institusjonar. Kinn kommune har her teke initiativet til anbodskonkurransen, og dette har fått konsekvensar for Vik Apotek, som ikkje lenger leverer legemiddel til sjukeheimane i Vik og Balestrand. Rådmannen synte til at kommunen må følgje anbods- og innkjøpsreglane, men beklaga samstundes at Vik Apotek ikkje vart varsla i forkant av anbodskonkurransen, slik kommunen pleier å gjere overfor bedrifter i kommunen.

Kontrollutvalet fekk høve til å stille spørsmål.

##### Drøftingssaker:

Kontrollutvalet drøfta tema for orientering i møte 3 og møte 4.

Kontrollutvalet drøfta deltaking på Kontrollutvalsdagen på Skei den 29. september. Kven som deltek vil bli avgjort i møte 3 den 15. juni.

## MØTEBOK KONTROLLUTVALET I VIK

Kontrollutvalet drøfta vidare prosess kring felles forvaltningsrevisjon av Sogn brann og redning IKS, der kontrollutvalet i sak 16 / 2021 vedtok at dei ynskja å ta initiativ til ein felles forvaltningsrevisjon. Kontrollutvalet understreka at dei ynskjer at ein slik forvaltningsrevisjon skal gjennomførast etter at dei allereie igangsette forvaltningsrevisjonane er ferdig gjennomført. Sekretariatet vil vidareformidle denne informasjonen til øvrige eigarkommunar.

### **Sak 06/2022 Vedtak**

Kontrollutvalet tek drøftingssaker, skriv og meldingar til vitande.

Sekretariatet informerer øvrige eigarkommunar om at kontrollutvalet i Vik ynskjer å gjennomføre felles forvaltningsrevisjon av Sogn brann og redning IKS så snart igangsette forvaltningsrevisjonar i kommunane er gjennomførte.

Samrøystes.

---

### **Sak 7/2022 Årsrekneskap og årsmelding Vik kommune 2021**

| <b>Sakshandsamar</b> | <b>Møtedato</b> | <b>Saknr</b> |
|----------------------|-----------------|--------------|
| Kristine Lie         | 12.05.2022      | 7/2022       |

### **KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:**

Kontrollutvalet vedtek fråsegn til årsrekneskapen for 2021 for Vik kommune slik den ligg føre. Fråsegna vert sendt til kommunestyret, med kopi til formannskapet.

---

### **VEDLEGG:**

| <b>Nr.</b> | <b>Dok. Dato</b> | <b>Avsendar</b>      | <b>Tittel</b>   |
|------------|------------------|----------------------|---|
| 1          | 12.05.22         | Kontrollutvalet      | Kontrollutvalet si fråsegn til årsrekneskap og årsmelding 2021 - UTKAST |
| 2          | 29.03.22         | Vik kommune          | Årsrapport 2021 for Vik kommune   |
| 3          | 19.04.22         | Vestland Revisjon KO | E-post frå Vestland Revisjon  |
| 4          | 08.04.2022       | Vestland Revisjon KO | Revisjonsmelding  |

## MØTEBOK KONTROLLUTVALET I VIK

### 12.05.2022 KONTROLLUTVALET

Rådmannen og økonomisjef orienterte om årsrekneskap og årsmelding. Kontrollutvalet fekk høve til å stille spørsmål og drøfta saka.

Revisor orienterte om revisjonen og kontrollutvalet fekk høve til å stille spørsmål.

#### Sak 07/2022

Kontrollutvalet vedtek fråsegn til årsrekneskapen for 2021 for Vik kommune slik den ligg føre. Fråsegna vert sendt til kommunestyret, med kopi til formannskapet.

Samrøystes.

---

### Sak 8/2022 Prosjektplan forvaltningsrevisjon anbuds- og innkjøpsrutiner innan teknisk sektor

| Sakshandsamar | Møtedato   | Saknr  |
|---------------|------------|--------|
| Kristine Lie  | 12.05.2022 | 8/2022 |

#### VEDLEGG:

| Nr. | Dok. Dato  | Avsendar/Mottakar   | Tittel   |
|-----|------------|---------------------|--|
| 1   | 15.03.2022 | Forvaltningsrevisor | Utkast til prosjektplan for forvaltningsrevisjon |

#### KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:

Saka vert lagt fram utan tilråding men for drøfting i kontrollutvalet.

---

### 12.05.2022 KONTROLLUTVALET

Kontrollutvalet fekk prosjektplan presentert av Vestland Revisjon v/ Trine Havn, og kontrollutvalet fekk høve til å stille spørsmål.

Kontrollutvalet drøfta prosjektplanen og problemstillingane som vart presentert. Kontrollutvalet presiserte bakgrunnen for forvaltningsrevisjonen og forventningar til

## MØTEBOK KONTROLLUTVALET I VIK

prosessen og arbeidet som skal gjennomførast i høve forvaltningsrevisjonen. Forvaltningsrevisor noterte kontrollutvalet sine innspel, og gjorde greie for korleis problemstillingane som følgjer av prosjektplanen vil svare til kontrollutvalet sine forventingar.

### **Sak 8/2022 VEDTAK:**

Prosjektplanen vert vedteken slik den ligg føre, med dei presiseringar som vart gjort i møtet.

Kontrollutvalet ber Vestland Revisjon om ein statusrapport i møte 4.

Samrøystes.

---